

S T U D I E P L A N
FOR
BERGEN ARKITEKT SKOLE
SANDVIKS BODER 59 - 61 A
5035 BERGEN
TLF. 00 47 55 36 38 80
FAX. 00 47 55 36 38 81
EMAIL. adm@bergenarkitektskole.no

STUDIEPLAN FOR BAS

KAP. I	INNLEIING	2
	Samanfatting	2
	Om arkitektstudiet i Bergen	3
	Oppbygging av studiet	6
KAP. II	FAGLEG INNHOLD, MÅL OG ARBEIDSMÅTAR	7
1.0.	Fagområdet arkitektur, planlegging og prosjektering - APP	7
1.1.	I. avdeling APP	7
1.1.1.	Introduksjonskurs 1	7
1.1.2.	Introduksjonskurs 2	8
1.1.3.	2.studieår - Referanse: særgruppe	8
1.1.4.	3. studieår - Referanse: samfunnet	9
1.2.	II. avdeling APP	10
1.2.1.	4. og 5. studieår	10
1.2.2.	Avsluttende hovedarbeid	11
2.0.	Fagområdet teknologi, teknikk og administrasjon - TTA	11
	I. avdeling TTA	12
	II. avdeling TTA	14
3.0.	Fagområdet «den andre verden» - DAV	14
3.1.	I. avdeling DAV	15
3.1.1.	1. studieår, 1. semester	15
3.1.2.	1. studieår, 2. semester	15
3.1.3.	2. studieår	15
3.1.4.	3. studieår	15
3.2.	II. avdeling DAV	16
4.0.	Kompletterende teoretiske fag - KTF	16
4.1.	Obligatoriske fag KTF	17
4.2.	Obligatoriske fag for val - KTF	18
4.3.	Tilrånne, valfrie fag - KTF	20
KAP. III	ORGANISERING AV STUDIET	21
KAP. IV	EVALUERING OG EKSAMEN	24
KAP. V	OPPTAK	25
KAP. VI	TILLEGGSKURS	25
	ETTERUTDANNING	26
KAP. VII	FORSKNING	26
KAP. VIII	STUDENTUTVEKSLING	26
	OVERGANGSORDNING	26

STUDIEPLAN FOR BAS**KAP. I INNLEIING****Samanfattning**

Bergen Arkitekt Skule (BAS) er ein ny skule. Skulen har som mål å tilskunde ei breiare fagutvikling og å retta arkitektstudiet mot vår tid, for å skapa arkitektur i samsvar med dei politiske, sosiale og etiske retningslinene vi som samfunn bekjenner oss til.

Arkitektstudiet må, som fastsett i vårt program vera bygt på erkjeninga av vår samtid. Det tyder også at rolla og profilen til arkitekten til kvar tid må skifta i samsvar med eit samfunn i endring og utvikling. Alment gjeld det ansvaret for vårt felles fysiske miljø og for utviklinga av dei sosiale sidene ved vårt samfunn. Særskilt gjeld det arkitekturen som eit berande uttrykk for vår kultur. Studiet byggjer på vitskapsfilosofisk erkjening, på kunstnerisk erkjening og på føresetnaden om å vera aktivt skapande i vårt samfunn.

Studiet ved BAS byggjer på ein allsidig kontakt med våre partnarar. Det gjeld utdanningsinstitusjonar og offentlege og private institusjonar som kan tilføra skulen både innhald og korrektiv. Kontakten med UiB har vore i utvikling over fleire år. Fleire av dei faga som er aktuelle i arkitektstudiet har vorte lagde til rette ved UiB. Likeeins er kontakten med det praktiske liv og den konkrete arbeidsfelten ein viktig føresetnad i undervisninga så vel som kontakten med andre delar av landet og med utlandet.

Studiet ved BAS er eit 5-års intensivt studium, delt på 2 avdelingar, høvesvis 3 og 2 år. Kursa i første avdeling er obligatoriske, og avdelingen vert avslutta med eksamen etter 3. året.

Andre avdeling er sett saman av obligatoriske og valfrie kurs og eit avsluttande hovudeksamensarbeid. Arkitektstudiet har ein svært brei fagkrins, sett saman i fire faglege hovudområde (1) arkitektur - prosjektering og planlegging, (2) teknologi - husbyggingsteknikk og administrasjon, (3) frie kunstfag og - uttrykk og (4) kompletterende teoretiske fag/universitetsfag.

Undervisninga føregår ved BAS og ved Universitetet i Bergen (UiB). Studentane fylgjer undervisninga og studerer alle fagområda parallelt. Dei fire fagområda vert i høg grad integrerte undervegs i oppgåver, seminar og til dels i førelesningane. Som studiemåte legg BAS stor vekt på arbeid ute i felten på skissering og bygging i full målestokk, og på ein brei og personleg kontakt med samfunn og personar med praktisk erfaring og særskild kunnskap, aktuelle for arkitekten sitt fag og innsyn.

Teoretiske fag vert det undervist i og teke eksamen i ved UiB. Faga er utvalde i høve til planleggings- og arkitektarbeidet. Utvalet er i samsvar med den erkjeninga som dei siste par tiår har gitt oss, særleg i høve mellom person og samfunn, og i det å planlegga og bygga for mange menneske.

Arkitektstudiet i Bergen - eit fagleg-pedagogisk alternativ

Kort historikk

Bergen Arkitekforening har arbeidd med å få til ein skule sidan 1964. Fagleg har ein arbeidd med ulike slags kurs for arkitektar og studentar sidan 1968, og derigjennom utvikla eit studium og ein fagdidaktisk filosofi. Med omsyn til innpassing av aktuelle teoretiske fag for arkitektstudiet og arkitektpракsis, har ein samstundes hatt eit nært samarbeid med Universitetet i Bergen.

BAS vart så starta opp hausten 1986 som eit 5-års arkitektstudium. Dette vart gjort etter eit samrøystes resolusjonsvedtak på årsmøtet til Bergen Arkitekforening i 1986. Eit arbeidsutval oppnemnd av Bergen Arkitekforening fekk i oppgåve å skipa skulen. Dette arbeidsutvalet har fungert som interimstyre fram til 1989 då BAS vart organisert som ei stifting.

Skulen er såleis ny og vart oppretta på bakgrunn av behovet for å utdanne fleire arkitektar her i landet og for å kunna ta fleire og nye arkitektoppgåver, meir fordelt utover i landet enn i dag. Skulen er difor plassert i ein annan landsdel enn dei to andre arkitektskulane.

Det første studentkullet (18 studentar) vart teke opp hausten 1986, og det har kvart år etterpå vorte teke opp nye kull. Studentrepresentantar har og hatt plass i interimstyret. BAS har i dag ca. 110 fulltids studentar.

Arkitekten sin oppgåve

Kvar tid har sine oppgåver å løysa, og det trengst nye måtar å løysa dei på, når det som vert gjort i dag ikkje lenger er tilstrekkeleg.

I vårt land byggjer alle, - alle treng fagleg hjelp. Dagens arkitekt er til for det demokratiske samfunnet.

Arkitektoppgåvene er ikkje berre offentlege bygg og større private investeringar. Arkitektarbeidet og bygningskunsten inngår i vår samla kultur. Vi kan ikke skilja arkitektoppgåvene ut frå oppgåva å gi form til vår tids samfunn. Dessutan, samfunnet vårt treng eit vidt spekter av arkitektar. Fleire arkitektskulular og ulike skular er eit svar på det. Ein ny arkitektskule trengst, og han må vera ulik dei andre norske arkitektskulane.

BAS ser si oppgåve her, og studieplan og undervisningsmåtane har sitt mål i dette. Dette har ein utvikla og utprøvd i dei innleiande forsøka, og i dei åra skulen har vore i drift.

STUDIEPLAN FOR BAS

Studiet føregår dels i felten, der bu- og byggevilkåra er synlege, dels på universitetet, for vitskapleg klårgjering og drøfting. Undervisninga har to særskilde og viktige utgongspunkt:

- den konkrete situasjonen og dei menneska ein skal vera arkitekt for
- ein fagleg forsvarleg base og referanse

På den eine sida har vi altså nærbukt med oppgåva og vilkåra vi må arbeide i høve til og på den andre sida, teoriavklåring på Universitetet. Mellom desse to referansane har vi eit praktisk retta prosjekterings- og øvingsarbeid på teiknesalen og atelierøververkstaden. Dette er eit krevjande og intenst prosjekterings- og øvingsarbeid.

Det som er det særskilde for BAS, er den konkrete, fysiske erfaringa ein får i arbeidet og i felten. Det teoretiske kjem inn som drøfting og vidare avklåring.

Studenten får fyrstehands kontakt med både busetjings- og bygningshistoria, klima og landskap ute i felten, ved havet i øygarden, og inni fjordane og dalane. Teoriførelesingar og seminar i dei same faga får studenten parallelt både i felten og på universitetet. Sidan arkitekturhistoria, busetnadsform og byplan er ein del av europeisk kulturhistorie, omfattar felten til BAS også europeiske byar. Til no har BAS nytta nordsjøbyar og byar i Middelhavslanda. Med betre økonomi må ein og bruka dei moderne byane utanom Europa, for å sjå og vinna røynsle der ulike økonomiske og demografiske faktorar set ulike vilkår for organisering og utforming. Litteratur og drøfting får ein gjennom fagmiljøet og eit levande engasjert universitet.

Samarbeid og medverknad

Det gjeld vårt miljø, og det gjeld samarbeidsformer i praksis ute i felten, og det gjeld utvikling for kvart lokalmiljø.

I busetnadsform og organisasjon, det fysiske så vel som det sosiale miljøet, er det i dag viktige oppgåver å løysa. Ein lyt kome i kontakt med innbuarane, for å høyra og sjå, og for å innøva dette som arbeidsmåte. Utan eit nært samband her vert arkitekten sitt arbeid berre konstruksjonar på teiknebordet.

Grunnlaget for tolking av problemstillingane får studenten systematisert på universitetet både i dei naturvitenskaplege og dei samfunnsvitenskaplege faga.

Filosofi og historie er med for den almenkulturelle bakgrunnen, både som arv og kunnskap. Vitskapsfilosofien er avgjerande for å orientera seg, og å greia drøfta kritisk dei aktuelle problemstillingane.

Mennesket er oppdragsgjevaren

Arkitekten sitt fag står for eit stort engasjement der løysingane ikkje kan vurderast i høve til eit fasitsvar. I staden må arkitekten identifisera seg med brukaren, med menneska og menneskegruppene som arkitekten teiknar for. Oppgåva er å stilla mennesket som subjekt fremst heile tida. Det er krevjande, like fullt, det er avgjerande. Dette er lett å gløyma, eller vera passiv til.

Brukaren må ikkje gjerast til klient og handsamast som uvitande, umyndig eller utan medansvar. Den eller dei det gjeld må i høgste grad vera medverkande. Det er så altfor lett å gløyma dette når ein arbeider med bygningsobjekt og planar. Ein arkitekt må arbeida mykje med fysisk form, konkrete ting og abstrakte og fysiske strukturar. Dette arbeidet kan lett stilla mennesket i andre rekje, og alt og alle i prosjekta vert tingleggjorde. Ein kan komma i skade for å underbyggja dette for omsynslaust - der ein i staden må søkja, samtala, tolka og skapa heile tida. BAS prøver altså å skapa ei alternativ arkitektutdanning med dette utgangspunktet.

Mennesket samtalar ein med, ein handsamar ikkje. Mennesket i eit prosjekt har eigen vilje og eigne rettar. Det skal få plass til sitt liv og sitt uttrykk. Mennesket skal få rom og høve til å utvikla sin mynde.

BAS legg vekt på øving og personleg erfaring, og på almen kulturkunnskap, samanheng og forståing framføre isolert kunnskapstilfang.

Universitetet i Bergen er ei avgjerande støtte, gjennom t.d. filosofisk institutt og sosialantropologisk institutt. Desse arbeider særleg med subjektorienterte problemstillingar, både i samfunnsvitskapen og i tolkinga av mennesket sitt behov og handling. BAS har lagt opp studiet i samsvar med denne vitskaplege erkjenninga.

Dette er i samsvar med arkitekten sin praksis, slik han eigentleg alltid har vore og bør vera - at det er den som arkitekten byggjer for som er subjektet. Subjektet er definert som ein fast referanse i dei tre første studieåra (første avdeling), medan subjektet i andre avdeling er den eller dei som ein prosjekterar for, til dømes meir samansette grupper og fleire, ulike menneske.

I første året gjeld det klårgjering i høve til den personen ein kjenner best, seg sjølv eller og ein person ein har direkte høve til, ein person ein er dus med.

I andre året er subjektet ei interessegruppe som ein lyt identifisera seg med. I tredje året gjeld det samfunnet, eit heilt samfunn. Endå subjektet ikkje er så eintydig i II. avdeling, vert det lagt vekt på personleggjering. I dag er det avgjerande å trena ein ikkje-teknokratisk tenkemåte. Det gjeld eit deltakande og moralsk ansvar og identifikasjon med dei menneska ein skal utføra arbeid for.

STUDIEPLAN FOR BAS**Oppbygging av studiet**

Studiet er 5 år og er organisert i to avdelingar, 3 år + 2 år, som er sjølve grunnstudiet. I tillegg vil ein gje høve til å ta ein 3. avdeling for vidaregående studium i 2 år, og som fører fram til ein grad tilsvarende andre universitetsgradar på det nivået, sjå kap. VI.

Grunnstudiet har to hovudeksamener:

Ein etter første avdeling og den andre hovudeksamen, etter 5 år, i form av eit avsluttande og kvalifiserande hovudarbeid.

Fagleg sett er studiet delt opp i 4 faglege hovudområde som føreset integrering.

- 1.0. Arkitektur - prosjektering og planlegging (APP)
- 2.0. Teknologi - teknikk og administrasjon (TTA)
- 3.0. «Den andre verden» - eit fagområdet for særskild og fri utvikling av skapande evner og personlege uttrykk (DAV)
- 4.0. Kompletterande teoretiske fag (KTF)

Arkitektur, planlegging og prosjektering er det mest omfattande fagområdet i studiet.

I I. avdeling er kursa i dette faget, saman med kursa i fagområda teknologi og teknikk og «den andre verden» obligatoriske. Faga ved UiB er delvis obligatoriske og delvis valfrie. Desse vert integrerte og kompletterte med andre teoretiske fag på BAS.

I II. avdeling må studenten gjera val mellom kurs innan fagområdet APP, medan TTA og «den andre verden»-kurs vert lagde opp i høve til APP-kursa.

Universitetsfag vert undervist og teke eksamen i ved UiB. Faga er utvalde i høve til planleggings- og arkitektarbeidet. Utvalet er i samsvar med den erkjenninga som dei siste par tiåra har gitt oss. Dette gjeld særleg i høvet mellom person og samfunn, i det å planleggja og byggja for mange menneske, og unngå å øydeleggja det fysiske og økologiske miljøer.

Det er lagt opp til ulike undervisnings- og studieformer:

Feltarbeid og -øvingar
Litteraturstudier
Formøvingar
Prosjektering
med innleiande og indirekte innføringsoppgåver.

Arbeidet vert utført delvis i grupper, delvis individuelt.

Utanom vanleg semesterstudium held vi sommarkurs som er frivillige, som også er opne for andre enn studentar ved BAS.

STUDIEPLAN FOR BAS**KAP. II FAGLEG INNHALD****1.0 FAGOMRÅDET ARKITEKTUR - PLANLEGGING OG PROSJEKTERING - APP**

Arkitektur, planlegging og prosjektering er det faglege hovudområdet i studiet.

1.1 I. avdeling - APP

I I. avdeling gjev APP ein almen introduksjon i arbeidet som arkitekt, med referansen subjekt, eller eg og du. Dei to neste åra er utdjuping og klårgjering av problemstillingane innanfor fagområdet.

1.1.1 Introduksjonskurs (1. studiesemester)

Kurset har felturar med kartlegging av historisk busetnad og hustypar, og registrering av ulike fysiografiske tilhøve. Oppfylgjing med enkle prosjekteringsoppgåver, oppmåling, vøling og vern. Studiet av mennesket sine mål og korleis ein utfører elementære gjeremål i ulike kulturar. Frie formings- og framstillingsoppgåver. Studier i visuell struktur. Offentleg visning.

Målet:

- å verta kjent med busetjing og bygging på ein endefram måte med hjelp av den fyrste busetjinga, som var på kysten.
- å læra kjenna dei vilkåra landskap og klima set
- å analysera og klårgjera vilkåra for å plassera bustad i høve til næring, grunnen, vinden og kontroll med havet, havn og ferdsle
- å læra kjenna mål og storleik, og behov for rom til eitt og fleire menneske i posisjonane liggja, sitje, stå og gå
- å læra om ulike grunnleggjande gjeremål i huset i ulike kulturar og i ulike hushald
- å studera samansett busetnad, tun, der innbuarane er avhengig av kvarandre
- å sjå på utforming av private og offentlege bruksrom (fellesrom) i tunet
- å øva seg i å forma i høve til elementære problemstillingar og
- å presentera og visa sine arbeid offentleg.

Arbeidsmåte:

Opphold ute i felten, påøve dei historiske busetnadsområda, både ved havet og inni dalar. Kartlegging av landskap, situasjonsanalyse, oppmålingar av tufter og hus, vøling for vern og vedlikehald av utvalde bygningar, historiske døme. Måling av mennesket, av seg sjølv, sjølvstudium av gjeremål i ulike kulturar. Presentasjon i ulik form, full målestokk, modellar og teikning.

Prosjektering, bruk av landskapet, bruk av utvalde rom i eksisterande hus og tun. Små hjelpeoppgåver er i løypa som innføring i større oppgåver. Seminar og førelesingar.

Formingsøvingar. Utstillingar.

STUDIEPLAN FOR BAS**1.1.2 Introduksjonskurs 2 (2. studiesemester).**

Praktisk skapande prosjekterings- og formingsarbeid.

Oppgåvene er enkle, ikke samansette. Det gjeld utforming av bruksrom ute og inne for få menneske, og for mange. Det blir lagt vekt på konsepttenking.

Målet:

- å få tak i emnebredden i arkitekturen
- å skapa rom for mennesket i ulike situasjoner og med ulike gjeremål
- å øva seg som arkitekt der det gjeld å skapa situasjoner for seg sjølv, situasjoner for sine vene, og rom for å møta framande
- å arbeida med eksisterande hus som har lang brukstradisjon for
- å gje dei brukseigenskapar for vår tid og oss sjølve

Arbeidsmåte:

Prosjektering, utforming gjennom skissering i teikning og modellar, og i full målestokk, på staden. Klårgjering for vising til andre, teikningar og modellar. Førelesingar. Gjennomgangar.

1.1.3 2. studieår (referanse / subjekt særgruppe).

Studiet dette året gjeld særgrupper som arkitekten må identifisera seg med. Studieplanen har 5 ulike oppgåver, 5 ulike grupper med sine ynskje og behov. Det gjeld identifisering, synleggjering, manifestering og å imøtekoma deira ulike elementære behov. I dette året inngår ein større og samansett studietur, utanom dei reiser og feltstudier som vert gjort i dei ulike oppgåvene.

Oppgåvene vert supplerte med parallelle kurs i teknikk og teknologi som vert integrerte i prosjekterings- og planleggingsoppgåvene.

Målet:

- å forma brukssituasjoner og rom for andre enn seg sjølv og likesinna
- å identifisera seg med ulike interessegrupper, ulike brukargrupper
- å oppnå kontakt med slike grupper og forma deira behov
- å øva seg i å få brukarane til å verta subjektet
- å øva dialog med brukarane

Arbeidsmåte:

Prosjektering, utforming gjennom skissering i teikning og modellar og i full målestokk, på staden. Samtalar med brukargruppe/interessegruppe. Situasjonsanalysar. Gruppearbeid og individuelle arbeid. Klårgjering for vising til andre, i teikningar og modellar. Førelesingar. Individuell rettleiing på prosjekta. Felles gjennomgangar.

STUDIEPLAN FOR BAS**1.1.4 3. studieår (Referanse/subjekt samfunnet)**

Studiet begge semestra gjeld både planlegging og bygging. Generelt skal studenten setja seg inn i, og aktivt klårgjera oppgåvene for ein arkitekt i eit samfunn i utvikling. Oppgåva er å vera med å skapa den nye situasjonen.

Studiet er samansett og heilskapleg i sine emner og oppgåver. Fleire omsyn må takast. Sosiale - byen eller staden er sjølvé kjernen og hovedgrunnen for bygginga. Historiske. Funksjonelle. Fysiske. Vår tid - uttrykk for vår tid. Avgjerande er menneskers handle - og råderett.

Målet:

- kjennskap til og forståing av bygging i det samansette samfunnet og til bygging og utforming for samfunn og institusjonar.
- å identifisera seg med subjektet / menneska i brukarane av samfunnsbygg og bygde samfunnsformer.

Arbeidsmåte:

Feltarbeid. Bygging i 1:1 (full målestokk). Feltstudiar, innland og utland. Prosjektering over 2 semester, skissering, modellarbeid. Individuell rettleiing og førelesingar, seminar, gjennomgangar i plenum.

STUDIEPLAN FOR BAS**1.2 II. avdeling - APP**

I denne avdelinga arbeider ein med meir samansette problemstillingar i alle fagområde. I APP tyder det vidaregåande studier innafor ulike problemfelt. Dette tyder djupare studium, vidare teoretisk klårgjering og meir gjennomarbeidd formklåring. Det krevst av studenten at han har avklara målsetjing i prosjektet. Referansen er vidare og problemstillingane samansette med større fagleg breidde, vidare drøfting og teoretisk diskusjon. Med brei kontaktflate til samfunnet, til aktuelle oppgåver. Studenten må søke eit ideologisk, moralsk fundament for sine handlingar som arkitekt.

1.2.1 4. og 5. studieår

Referanse / subjekt vert klårgjort i kvar oppgåve, som ein del av arbeidet. Subjektet kan vera einskildmenneske, interessegrupper eller samfunnet som heilskap.

Tre studiesemester. Studieopplegget er sett saman av fleire kurs og er ikkje berre eit fag, men ei samansetning av fleire. Kursa kan vere opp til eit heilt semester, og det vil vera mogleg å halda fram og utvida eit emnefelt innan det avsluttande hovudarbeidet.

Kursa vert valde eitt for eitt i samråd med ansvarleg hovudlærar. Kursa skal til saman stå for full breidde innan arkitektstudiet.

I dei valde kursa (minimum 3) inngår det obligatoriske fag i teknologi, administrasjon og utvalde kompletterande teoretiske fag.

Målet:

- klårgjera avgjerande problemstillingar i bygging i samfunnet i dag
- nå fram til eit personleg ansvar for utbyggings- og utformingsoppgåver.

Arbeidsmåte:

Særskilde opplegg for ulike emne og oppgåver, for avgrensa studentgrupper.

1.2.2 Avsluttande hovudarbeid

Hovudarbeidet er eit avsluttande arbeid for studiet ved BAS.

Oppgåvestillinga vert før oppstartig av hovudarbeidet godkjend av eksamenskommisjonen. Utanom hovudemnet kan hovudarbeidet innehalda særkurs i andre fagområde, som støttefag eller som kompletterande fag.

Målet:

- Kvalifisering til sjølvstendig arbeidande arkitekt.
- Oppgåvestillinga er grunna på eit emne eller fagfelt som vert valt til hovudarbeid, ei oppgåvestilling som vert formulert og avtala individuelt eller for ei gruppe saman med ansvarleg hovudlærar.

2.0 FAGOMRÅDET TEKNOLOGI, TEKNIKK OG ADMINISTRASJON (TTA)

Teknologi omfattar problemforståing, dei tekniske spørsmåla, økonomi og administrasjon or gjennomføring av byggeoppgåva. I dette fagområdet finn ein struktur, konstruksjon, bygningsteknikk, bygningsfysikk, installasjoner, tekniske kurs om lys, lyd og luft, kommunalteknikk og andre plantekniske fag og dessutan planleggingsøkonomi, prosjektadministrasjon og byggeleiing.

Studenten får her ei teknisk og analytisk innføring i oppgåvene og i problemstillingane. Det vert lagt vekt på dette i høve til miljøvern og kontroll av dei verknadane dei tekniske anlegga har, i naturterreng, kulturlandskap og i bylandskap.

Kursa blir samkjørte med opplegget i prosjektering og planlegging (APP) og integrert i øvingsoppgåvene der.

STUDIEPLAN FOR BAS

2.1 I. avdeling TTA (2. og 3. studieår).

Korte intensivkurs lagt opp i høve til prosjektoppgåvene. Faget tek føre seg problemstillingane på ein praktisk måte.

Arbeidsmåte TTA-faga i I. avdeling:

Konsentrerte innføringskurs, førelesinger og seminar.

Øvingsoppgåver integrert i prosjekterings- og planleggingsoppgåver under APP.

Evalueringssgrunnlag:

Obligatorisk deltaking og innlevering av arbeid og studiekompendium.

TT1: Materialkurs

- tre
- mur
- metall
- betong
- kunstige og samansette materiale

Målet:

Praktisk kjennskap til dei vanlege byggemateriala for innlandet og kysten, og samansetjing av desse.

TT2: Bygningsfysikk

Bygningsfysikk er eit erfaringsfag. Studie av bygningsskadar og reparasjoner og problemretta oppgåver. Det gjev innsyn i dei almene problemstillingane for nordisk klima, med særleg vekt på ulike utsette stader. Innføring i terminologi, regelverk, forskrifter, kontrollapparat og Norsk Standard (NS).

Målet:

Sjølvstendig arbeid - å forstå verkemåten til bygningar og bygningsfysiske løysingar.

TT3: Struktur - konstruksjon - statikk.

Oppbygging av ulike materiale, ulike konstruksjonar og byggemåtar, klårgjering av material- og byggeeigenskapar. Kunnskap om elementær fysikk og statikk bæreevne, ulike kraftoverføringer og bæreevne.

STUDIEPLAN FOR BAS**Målet:**

Studiet skal gi innsyn og allsidig erfaring - ikkje for å greia matematisk utrekning av dimensjonar, men å kunne sjå og vita kva ulike konstruksjonar og materialoppbyggingar står for.

TT4: Byggeteknikk

Samansetjing av bygningskomponentar. Praktiske løysingar i høve til uteklima og inneklima, i ulike geografiske situasjonar. Standardløysingar og særloysingar. Byggforskning (NB1) og NS (Norsk Standard).

Målet:

Studiet skal gje innsyn i oppbygging av byggekomponentar golv, yttervegger og tak i ulike norske klima.

TT5: Installasjonar

- sanitærinstallasjonar og sanitærtteknikk
- varme og varmekjelder i bygninger
- ventilasjon
- lysinstallasjon

Målet:

Innsyn i problemstillinga inneklima i dag, og oversyn i føreliggjande tekniske løysingar.

TT6: Sikringssystem og kommunikasjon

Infrastruktur eller internt kommunikasjonssystem i bygningar eller i større samanhengar / anlegg: Brannvern, sikring mot stråling, mot lekkasjer - meldesystem av ulik art, telefon, lågpenningsanlegg.

Målet:

Innsyn i moderne varslings- og kommunikasjonssystem.

TT7: Veg og trafikk

Almen undervisning i vegplanlegging. Vegstudiet vert sett i samanheng med infrastruktur og i høve til studier av det arkitektoniske rom.

Målet:

Øving i utforming av veg i landskapet og innsyn i infrastruktur.

STUDIEPLAN FOR BAS**2.2 II. avdeling. TTA (4. og 5. studieår)**

Særkurs almene og obligatoriske, i særskilde oppgåvestillingar og i tilknytning til og avhengig av det avsluttande hovudarbeidet. Fagfelt:

- materiale
- bygningsfysikk
- konstruksjon
- bygningsteknikk
- VVS
- veg og trafikk
- økonomi og administrasjon

Målet:

Kvalifiserande innsyn i teknologi for å meistra og utøva eit komplett arkitektarbeid.

Arbeidsmåte:

Særskilt tilrettelagde kurs over emne og problemstillingar i samsvar med vanskegrad og krav i prosjekterings- og planleggingsoppgåvene (APP) i II. avdeling.

3.0 Fagområdet «Den andre verden»

Fagområdet er knytta til kunstens verden. Visuell og plastisk form, individuelle uttrykk og visuell kommunikasjon. Studiet i dette fagområdet gjeld utvikling av synssansene og skapande uttrykksevner. Det gjeld å forma og øva seg i å sjå formkvalitetar. Det gjeld lesing og forteljing, klårgjering og visning - visuelt, plastisk, romleg, meiningsbærande - frå den som skapar, lagar, viser til den som tek imot, lytter og ser.

Øvings- og studiearbeidet gjeld bruk av ulike og fleire reidskap og uttrykksmedel for utvikling av syns- og uttrykksevne.

Arbeidet i dette fagområdet gjeld først og fremst personutvikling. Øvingsmåtane vert valde i høve til dette og er svært varierte.

Ein arbeidar både med einskildobjekt, i fleire objekt (fleirtalsform) og meir omfattande situasjonar.

STUDIEPLAN FOR BAS**3.1 I. avdeling - DAV (Grunnleggjande øvingar).**

Arbeidsoppgåvane går frå stemning eller karakteravlesing og attgjeving, henta frå landskap, nærsituasjonar, årstidene, dagslyset, ulike tivils, musikken, diktet og andre heilskaplege verdenar - til førestillingar om det usynlege eller ugorde. Dei ulike verdenane ein konsentrerar seg om er alle i vår verden eller vert det gjennom handling, gjennom å visa det.

Målet for I. avdeling:

- å få fram og opna for dei sanseevnene kvar person har, og det gjeld klårgjering og oppøring av personleg uttrykk.
- Dette personlege og individuelle arbeidet må vurderast i høve til offentlig vising.
Møte med ulike verdenar, ulike uttrykk og ulike stemningar. Det gjeld både vår sanselege verden og det gjeld våre førestillingar.

Arbeidsmåte:

Fellesøvingsoppgåver, individuell rettleiing og korrekjon, samla gjennomgang, individuell vurdering og kritikk.

3.1.1 1. studieår, 1. semester (hausten).

møte med alment kjente situasjonar, naturlandskap og kulturlandskap, gå inn i dei og avdekka ulike stemningar og kva element som gjev stemningane, gjev at dette stemningsbiletet møte med musikkverden, visa ulik musikk
møte med den litterære poesien, vise førestellingsbiletet ein oppfattar,
møte med eigne uttrykksgrenser, ved øving og attgjeving.

3.1.2 2. semester - vårsemester.

Studentane går alle 4 parallelle løyper.

- gjennom den imaginære regelavklåra verda (geometriens verden)
- gjennom fleirtalsform «le grande nombre»
- gjennom almen, heilskapleg sanseverden
- gjennom handlingsvising i rom

3.1.3 2. studieår

Framhald av dei 4 løypene frå føregåande semester.
Offentleg vising utanføre skolen.

3.1.4 3. studieår

- rom og objekt
- visuell struktur

STUDIEPLAN FOR BAS**3.2 II. avdeling. DAV. (Vidaregåande øvingar).****Særkurs**

Oppgåvene vert formulerte av hovudlærar / kursansvarlege for einskilde eller grupper av studentar.

Det gjeld:

- kunstens verden
- utviding av kunstens verden
- å passera grenser, å klårgjera det ikkje klårlagde
- å visa det ikkje formulerte
- offentleg samtale, visuell samtale
- synleggjera
- skapa samanhengar
- synleggjera / skapa nye heilskapar

Målet:

å utvida og halda opent til «den andre verden», utvide formproblematikken, øva uttrykk og klårgjering i samansett form, og uklåre situasjonar om komplekse rom.

Arbeidmåte:

Gruppeoppgåver, individuell rettleiing og kritikk.

4.0 Kompletterande teoretiske fag /fag ved UiB (KTF.)

Utvælet av fag ved Universitetet er gjort av BAS i nært samarbeid med dei gjeldande institutt og fakulteta.

Utforminga av kvart fag er gjort i høve til arkitektstudiet og dei føresetnadene faget og instituttet set, likeeins pensum og eksamsform. Til saman skal faga ved
Universitetet
fysiske
gje eit breitt teorigrunnlag, ei vitskapleg innføring i fagområdet som gjeld det miljøet, det sosiale miljøet, i kultur- og arkitekturhistoria og i filosofi. Studia skal gje eit forståingsgrunnlag og ei innføring i metodisk tolkning.

Faga som BAS-studentane skal kunne ta er delte i 3 grupper:

- obligatoriske fag
- obligatoriske for val (studieplanen viser kor mange fag / einingar)
- valfrie og tilrådelege fag

Studenten vel fag for ein brei basis, eit utval som må gjerast i samråd med aktuelle hovudlærarar og personleg rettleiar på BAS.

ved

Det er ein føresetnad at teorifaga ved Universitetet så vel som ved BAS vert integrerte i resten av arkitektstudiet, både i feltundervisninga, i prosjektering og i teoriseminar. Universitetsfaga er supplerande teoretiske fag som er fordelt over heile arkitektstudiet og går parallelt med dei andre faga gjennom både I. og II. avdeling. Undervisninga ved UiB vert tilrettelagd av institutta som og utformer pensa og eksamen. Utanom dette vert det utfyllande teorifag integrerte i undervisninga på BAS, i felten, i førelesingar, seminar, prosjekt- og planleggingsoppgåver.

STUDIEPLAN FOR BAS

4.1. Obligatoriske fag - KTF.

4.1.1 Bygnings- og arkitekturhistorie.

Faget gjeld grunnleggande oversyn i vår bygnings- og arkitekturhistorie, i frå vår kulturbakgrunn og frå andre kulturar.

Undervisninga gjeld uttrykk, byggeform og teknologi, i høve til samfunnsform og styrerett og i høve til landskap, klima og livsform. Faget dekkar arkitekturarven, bygningsarven, referanse og grunnlaget for kulturidentitet i denne samanhengen.

Målet:

å skaffa seg mteodisk og fagleg innsyn, og fagleg grunnlag for å bruka litteratur og vitskaplege data i sitt arbeid som prøvande arkitekt

å søkja sitt grunnlag og sin identitet og finna det grunnlag som ligg i bygnings- og arkitekturhistoria

å læra og forstå og kjenna samanhengar og ulike tolkingar, så grunnlaget og arven kan nyttast, odlast og førast vidare

å klårgjera plassering av seg sjølv og si tid i ein kultur- og historiesamanheng.

Arbeidsmåte:

Førelesingar, teoriseminar, feltstudier, litteraturstudier.

Undervisninga vert integrert i arkitektstudiet elles i høve til feltøvingar og oppgåver under APP på BAS.

STUDIEPLAN FOR BAS**4.2 Obligatoriske fag for val - KTF.**

Emna i desse faga er avgjerande som teorigrunnlag for ein utøvande arkitekt. Eit minstemål er å ta 2 av emna, eitt mellom dei 3 fyrstnemnde (4.2.1 - 4.2.3) og eitt mellom dei 3 sistnemnde (4.2.4 - 4.2.6). BAS tilrår at studenten tek fleire emne, særleg mellom dei 3 fyrstnemnde.

4.2.1 Filosofi

Innføringa gjeld eit elementært oversyn i filosofiens historie, elementær formallogikk og dei viktigaste skulane i vitskapsfilosofien. Det vert lagt vekt på drøfting og tolking av kunstuttrykk alment og derunder arkitektuttrykk særskilt. I rekka av grunnleggande filosofar står Aristoteles, Descartes, Kant, Wittgenstein og Heidegger. I vitskapsfilosofien legg ein særleg vekt på hermeneutisk tolkingsmetode, og mennesket sin plass som sjølvstendig, handlande subjekt.

Målet:

å gjera studenten kjent med vitskapleg tenking, filosofisk erkjenning og utvikling av mennesket sin plass i vitskapsteori og -praksis

å få eit teoriavklåra høve til formulering av det ukjente og ugorde, til tolking av menneskelege uttrykk og handlingar, og til drøfting og tolking av kunst- og arkitekturuttrykk.

Arbeidsmåte:

førlesingar, litteraturstudier og teoriseminar.

Samanhald av filosofiske problemstillingar og teoriar og arkitekt/kunstpraksis.

4.2.2 Arkeologi.

Eit alment oversyn i utviklinga av kultur og sivilisasjonar, vår bakgrunn i busetjings-historia, bygg og organiséringsformer, reisksapsbruk, materiale og teknologi. Samanhengane i busetjingsutvikling og -former i høve til regionar, næring i landskap og klima, og i høve til hjelperåd og materialressursar.

Målet:

- i felten øva situasjonsanalyse av busetnad- og byggevilkår, og aktivt gjera seg nytte av konseptklårgjering i bygge- og buformer
- klårgjering og forståing av kulturbakgrunn og samanhengar
- kjenne og forstå utviklinga av busetjingsformene gjennom ulike land og kulturar
- klårgjering av grunnleggjande konsept for busetjingsform og plassering for huset - forming og husbygging, og for bruk av materiale, ressursar, reiskap og andre hjelperåd.

Arbeidmåte:

- førelesingar, teoriseminar, litteraturstudier, feltstudier.
Integrt feltstudier i analyse- og prosjektoppgåver i arkitekturfaga APP.

4.2.3 Sosialantropologi.

Allmen og metodisk innføring i kunnskapen om ulike kulturar, ulike sosiale einingar, deira uttrykk, referansar og organisasjonsformer. Kjennskap til og klårgjering av vilkåra for å skapa samfunn, heimstad og grunnlag for personleg og felles identitet. Klårgjering av det fysiske miljøet, bygningar og visuelle uttrykk i denne samanhengen. Tolking og meinings av synleg skapande handling og særlege uttrykk i etablering og utvikling av busettnad og samfunn, ulike grupperingar og ulike situasjoner.

Målet:

- almen kulturkunnskap og innsyn i kulturvariasjonen
kulturforståing og vørnad for ulike samfunnsformer og menneskeleg identitet
- innsyn og øving i sosialantropologiske arbeidsmåtar og metodar
- eit elementært grunnlag for å lesa og nytta faglitteratur, og å samarbeida med samfunnsvitskaplege konsulentar, eller medarbeidarar i samfunnsplanlegging og miljøutvikling.

Arbeidsmåte:

- Førelesingar, teoriseminar, litteraturstudier.
Undervisninga vert integrert i arkitektstudiet elles i høve til feltøvingar og oppgåver under APP på BAS.

4.2.4 Botanisk økologi

4.2.5 Lokal klimatologi

4.2.6 Geologi

Desse faga, under eitt også kalla fysiografifag, gjeld:

- det fysiske miljøet, som føresetnad for busettnad og utbygging under ulike vilkår og i ulike landskap
- fysisk og romleg miljø
- grunnleggjande og almen kunnskap om naturtilhøve
- dei fysiske aktivitetane klårlagde naturvitenskapleg
- økologiske samanhengar, forskyvinga av desse forureining og vern av luft og vatn
- og om naturen sine prosessar og eigenskapar til å halda ved lag eit sunt og leveleg miljø for menneske og samfunn

STUDIEPLAN FOR BAS**Målet:**

- At arkitekten - med vitskapleg støtte kan klårgjera den fysiske situasjonen menneske skal byggja og bu i, og bruka.
- At arkitekten skal kjenna til korleis ein påverkar den fysiske lokalsituasjonen gjennom bygging og vår tids bruk.
- At arkitekten skal sjå konsekvensar i større skala for disposisjonar og inngrep i det fysiske miljøet.
- Fleire fagområde er aktuelle grunnlag for fysisk planlegging og bygging. Likevel for arkitektstudiet er grundig metodisk innføring i eit fysiografifag viktigare enn overflatisk almen kunnskap i mange fag.
- Arkitekten må få innsyn og grunnlag godt nok til å forstå problemstillingane, og til nytta konsulentar med særskild fagkunnskap og erfaring, og til å gjera seg nytte av fag- og forskningsrapportar i desse emna.

Arbeidsmåte:

Førelesingar, seminar, feltstudier. Integrering av problemstillingar og oppgåver i prosjekterings- og planleggingsoppgåver i APP.

4.3 Valfrie og tilrådelege fag - KTF.

Tilrådde teoretiske fag for å komplettera det vitskaplege teorigrunnlaget i høve til arkitektur og planlegging.

- 4.3.1 For det fyrste tilrår ein de faga som studenten alt ikkje har teke under den førre gruppa 4.2.
- 4.3.2 Dinest tilrår ein vidare studiar i bygnings- og arkitekturhistorie, bygningsvern, filosofi og sosialantropologi.
- 4.3.3 Andre fag er avgrensa til kapasiteten ved universitetet og utviklinga av emne for arkitektstudentar. Aktuelle fagområde er særleg dei med tilknytting til fysisk planlegging.
 - geografi
 - sosiologi
 - administrasjon og organisasjonsfag
 - juridiske fag
 - edb-fag

KAP. III ORGANISERING AV STUDIET.

Dei 4 fagområda vert studerte parallelt gjennom studiet, og er i høg grad integrerte gjennom studie- og øvingsoppgåver, eller fletta saman som parallelle kurs.

Eit integrert fagstudium er ein føresetnad ved BAS. Også dei valfrie faga inngår som integrerte kompletterande fag. Personutvikling og fagforståing må vera heilskapleg og einsarta.

Hovudfagområdet arkitektur (APP) utgjer omlag knapt 2/3 av studiet, og dei andre 3 fagområda - teknologi, kunst- og kompletterande teorifag - utgjer til saman 1/3 av studiet.

Tilhøvet mellom fagområda, og fordeling av dei er vist i skjema 1. Vektforholda er viste her både med årseiningar slik det organisert ved BAS, og med vekttal i høve til eit universitetstudium.

I skjema 2 er vist eit årsplanoversyn der det er vist til dei einskilde faga og fagprogresjonen i studieplanen. Tala refererer til redaksjonsnummra for kvart kurs, emne i studieplanen.

STUDIEPLAN FOR BAS**Skjema 2****ÅRSPLAN****I. avdeling**

ÅR	KURS	HAUSTSEMESTER	VÅRSEMESTER
----	------	---------------	-------------

1.	1.0 2.0 3.0 4.0	1.1.1 -	1.1.2 -
			3.1.2 4.1

2.	1.0 2.0 3.0 4.0	1.1.3 2.1 (TT1, TT2) 3.1.3 4.1	1.1.3 2.1 (TT3, TT4) 3.1.3 4.1
----	--------------------------	---	---

3.	1.0 2.0 3.0 4.0	1.1.4 2.1 (TT5, TT5) 3.1.4 4.1	1.1.4 2.1 (TT7) 3.1.4 4.1
----	--------------------------	---	------------------------------------

II. avdeling

1.0 2.0 3.0 4.0	1.2.1 2.2 3.2 4.2	1.2.1 2.2 3.2 4.2
--------------------------	----------------------------	----------------------------

1.0 2.0 3.0 4.0	1.2.1 2.2 3.2 4.2	1.2.2
--------------------------	----------------------------	-------

STUDIEPLAN FOR BAS

KAP. IV EVALUERING OG EKSAMEN

Kriteria for evaluering og eksamen dekkar både kunnskap og tileigna fagleg erfaring, metodisk arbeid og innsyn, og haldning til faget.

Grunnlaget for evaluering er innleverte individuelle arbeidsoppgåver, deltaking i felt og gruppearbeid, og i felles presentasjon av desse.

I tillegg kjem deltaking i kurs, feltturar og studieturar samt innlevering av obligatoriske oppgåver i tilknytning til desse. Innlevert material må vera godkjent før studenten kan ta avsluttande eksamen.

Evaluering vert gjort individuelt og er personleg og samanfattande. Undervegs i studiet får alle studentane individuell og personleg evaluering og rettleiing. Dette gjeld alle oppgåver og kvart studieår. For særskilde kurs og personlege tilfelle kan studenten få evalueringa skriftleg.

Eksamens er lagt opp som samla hovudeksamen etter I. avdeling og som avsluttande hovudeksamen i femte studieår. I desse to eksamenane inngår arbeida og kvalifikasjonane i alle fagområde.

Første avdelings eksamen og hovedeksamen vert evaluert og sensurert av sensorar utanfrå, oppnemnde av UiB og BAS.

Eksamensar /prøver som skal telje med på vitnemålet, skal sensurerast av ein eller fleire faglærarar og ekstern sensor. Ekstern sensor skal godkjenne eksamensoppgåver og avgjer resultatet dersom det er usemje om karakterfastsetting. Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett eller ha undervist ved høgskolen(heller ikkje ved andre avdelingar eller ved eventuelle desentraliserte studielibod som høgskolen gir) i det studieår eksamen vert halden. Ekstern sensor må kunne oppfylle eitt eller fleire av desse krava

- vere tilsett på lektor / amanuensis nivå eller høgre ved universitet / høgskole eller ved annan forskningsinstitusjon
- på annet vis ha dokumentert relevant vitskapleg kompetanse på same nivå
- ha erfaring som sensor i det fag det gjeld ved universitet / statleg høgskole
- gjennom yrkespraksis vere særskilt kvalifisert i dette faget.

Teoretiske fag ved UiB tek ein eksamen i ved UiB, etter dei oppmeldingsfristar og vilkår som gjeld ved UiB.

Eksamensevaluering er i 3 nivå:

Godkjend med utmerking - godkjend - ikkje godkjend.

Ein viser elles til reglementet for sivilarkitektstudiet.

KAP. V OPPTAK.

BAS er ein privat høgskole og fungerar i samsvar med lova om norske privathøgskolar.

Framgangsmåte ved søknad / opptak får ein vita ved å vende seg skriftleg til skolen, eller ved personleg henvendelse til administrasjonen ved skolen.

Opptaket til BAS er avgrensa til omlag 30 studentar årleg. Det vert gjort gjennom ei opptaksprøve i tre trinn.

Fyrste trinn er ein personleg skriftleg søknad (utan formular).

Andre trinn er skriftleg søknad på tilsendt søknadsskjema.

Tredje trinn er personleg samtale på grunnlag av kvalifiserande utveljing frå trinn 1 og 2.

Grunnlaget for opptak er ein klår motivasjon og ein brei erfaringsbakgrunn for ein skapande arkitektpракsis. Bakgrunn som tel utanom almen skulegong og opplæring er samfunnspraksis, byggepraksis, kjennskap og personleg erfaring på andre kulturar / andre land, og personleg engasjement og utøving innan eigne interessefelt og fritidsaktivitetar. Det vert lagt særleg vekt på skapande innsats, evner og uttrykk.

Den personlege samtalen med opptakskomiteen er det endelige avgjerande i opptaket.

I tillegg til å verta utvald av opptakskomiteen må søkerar oppfylla krav til immatrikulering ved UiB. Vidare er det ein føresetnad for opptak at studenten betalar fastsette skulepengar.

STUDIEPLAN FOR BAS**KAP. VI TILLEGGSKURS. ETTERUTDANNING.****Sommarkurs.**

Sommarsemesteret er eit intensivt kurs lagd til ein konkret situasjon utanfor skulen og vert gjennomført i denne situasjonen. Kurset er ope for andre.

For BAS-studentane er sommarkursa eit frivillig supplerande studium og kan kompensera for arbeid i tidlegare regulære semester.

Desse sommarkursa har eit mål i seg å utvida studieprogrammet ut over regulære semester.

Parallelle kurs i teknikk og teknologi har ein høgare vanskegrad i samsvar med kompeksiteten i dette studieåret. Arbeida i teknikk og teknologi vert integrerte i prosjekterings- og planleggingsoppgåvene.

Etterutdanning - tredje avdeling.

Ein vidaregåande utdanning er under utforming, med ei rekke parallelle fagretningar, jfr. studieplanskjemaet.

Etterutdanning har to føremål:

- organisert vidaregåande studium for arkitektpракsis og forskning. Dette er ein del av ei forskarutdanning.
 - Supplerande fagstudium for arkitektar frå praksis og andre fagmiljø.
- 1) gjeld det utdjuping og utvikling innan særskilde fagfelt eller avgrensa problemstillingar innan faget.
 - 2) gjeld etterutdanning innan BAS sine særskilde fagområde og arbeidsmetodar, for å gje utdanningstilbod til fleire enn dei faste studentane ved BAS.

Det må søkjast særskilt for opptak i denne 3. avdelinga.

Studentar ved BAS kan underbyggja eit vidaregåande studium i 3. avdeling med målretta samansetjing av obligatoriske og valfrie fag i II. avdeling.

KAP. VII FORSKNING.

BAS har ein forskningsavdeling under oppbygging.

Vidaregåande studie får eit nære samarbeid i emne og fagleg rettleiing.

Forskarutdanning kan førebuast med regulære og valfrie fag i II. avdeling, og førast vidare i III. avdeling etter avgjort hovudeksamnen.

STUDIEPLAN FOR BAS

KAP. VIII STUDENTUTVEKSLING.

BAS er med i Nordplus. Her kan studentar utveksla til dei andre arkitekthøgskolane i Norden med eitt eller to semester.

Skolen arbeider med å få til ei studentutvekslingsordning med andre arkitektskular i utlandet, og vi arbeider med å få til ei godkjend praksisordning som kan inngå i studiet. Dette for å få utvida studiebredden og fagbredden, og for internasjonal kontak og førebuing til arbeid i u-land.

Overgangsordning.

Studentar som tidlegare er tatt opp til studiet i Bergen og som har avlagt eksamenar etter tidlegare studieopplegg vil kunne få desse godkjende i høve til føreliggande studieplan.

G:LAGRING/HØYSKOLE/STUDIEPL.